



Boks 23, 4368 Varhaug
Org. no.:970179275
T: 51 43 04 01
vil.no

REFERAT

Dato: 02.04.2024

Agenda: Styremøte handballgruppa

Møteleiar: Ingunn Helen Reiestad

Referent: Reidunn Vasshus Reiestad

Tid:19.00-22.00

Sted: Møterom JSA

Deltakarar: Ingunn Helen Reiestad,
Christopher Forsmo, Hilde Dubland
(første del av møtet), Heine Knutsen,
Siri Kvia, Dorthe Bø, Maren Iren Kvia
(hovudstyrerepresentant), Reidunn
Vasshus Reiestad

Forfall: Tore Helgesen, Jan Harald
Forsmo

01/23 Godkjenning av innkalling og saksliste

Ingen merknadar

02/23 Gjennomgang av siste referat

Ingen merknadar

03/23 Økonomi

Ikkje oversikt på status pr. i dag. Det har vore mykje utgifter knyta til cup for aldersbestemte lag den siste perioden og ein del dommarutgifter. Her vil det bli ei utjamning på slutten av sesongen, og ein kan derfor ikkje sei heit korleis det endar opp. Handballgruppa har og rusta opp på utstyr og sportsmateriell – her har det vore mangelfullt ein lengre periode.

13/23 Evaluering av sesongen 2023-24

Det vil bli sendt ut eit formsskjema til alle lagleiarane som dei svarer ut. Malen frå i fjor vert oppdatert og sendt ut av Ingunn Helen når sesongen er slutt. Her må me



mellom anna få ein oversikt over kven av trenarane som ynskjer å fortsette, og om dei som gjer seg kan ha forslag til andre som kan overta.

09/23 Arrangementskomité til seniorkampane

Det er oppretta ein arrangementskomité som skal ha arbeide for å lage gode ramar rundt seniorkampane. Medlemmane i denne er Hilde Dubland, Siri Kvia, Rita Skretting, Jane Elin Bjelland og Møyfrid Njærheim. Liv Kristin Skretting.

Arrangementskomiteen skal ha ansvar for:

- Skaffe folk til sekretariat og speaker (sikre nøytral tidtakar i 2. div.)
- Musikk
- Rigging før og etter kamp
- Innkjøp og klargjering av frukt til begge lag
- «Dagens varhaugsspelar»
- Starte koking av kaffi
- Ta imot dugnadsfolket
- Inngang og kiosk
- Skaffe mopparar og få moppar på plass
- Kampflagg i den store flaggstonga og flagg langs Opstadvegen
- Ingunn Helen har ansvar for å marknadsføre arrangementa i sosiale media

Styret har eit ønske om å lage ein standard for «slik arrangerer me kamp på Varhaug». Mykje har vore bra til no, men det vert gjennomført litt ulikt. Frå og med neste sesong skal det alltid vera innløp med maskotar frå yngre lag. Her ser ein føre seg at ein og ein speler vert presentert og spring inn på banen saman med «sin» maskot. Det er lange tradisjonar for å kåre «dagens varhaugsspelar», og frå neste sesong skal motstandarlaget sin beste speler og bli premiert.

Fram til no har styret hatt ansvar for å fylle på varer i kiosken og klargjere izettle kvar fredag. Det er sterk ynskjeleg at administrasjonen overtek denne oppgåva, og at det vert kjøpt inn eit fast kassasystem til kvar kiosk. Ingunn Helen tek dette opp med dagleg leiar.



15/23 Gjenstående kampar i inneverande sesong

Dei siste heimekampane for sesongen vert spelt helga i veke 15.

Arrangementskomiteen tek dette som ein prøverunde før neste sesong. Hilde og Siri har ansvar for å sette dette i gang.

18/23 Presentasjon og konstituering av styret

Fleire i styret har kryssande relasjonar til både administrasjon og hovudstyre. Det er viktig at ein er bevisst kva rolle ein har, og sikrar ryddige linjer her.

- Leiar og kasserer: Ingunn Helen Reiestad
- Nestleiar og dommarkontakt: Christopher Forsmo
- Dugnadsansvarleg: Silje Skretting
- Materialforvaltar: Dorthe Bø
- Trenerkontakt: Heine Knutsen
- Sekretær: Reidunn V. Reiestad

14/24: Felles sesongavslutning for aldersbestemte lag

Det vert arrangert ei felles sesongavslutning for alle aldersbestemte lag.

05/24 Turnering aldersbestemte lag

- J13/14 og juniorjentene var på Rødspættecup i Frederikshavn siste del av påsken.
- G/J10-10 år reiser på Quart-cup i Kristiansand helga frå 26-28 april
- Turneringar neste sesong vert eit tema på første trenermøte til hausten. Det vil bli ei overnattingsturnering for barnehandballen (frå 10 år og opp), og ei for ungdomshandballen (frå 13 og opp).

16/24: Trenar aldersbestemte lag

Saka er utsett til neste møte



17/24: Trener seniorlag

- Styret har ein aktuell kandidat til damelaget som skal i samtale med Ingunn Helen og Heine
- Samarbeidsavtalen med Nærbø I.L. må avklarast før ein landar kabalen på herresida

08/24: Samarbeidsavtale med Nærbø I.L. 2024-25

Handballen i Varhaug har hatt eit samarbeid med N.I.L. om lag frå G16 og opp til senior. I praksis har samarbeidet berre vore knyta til Herre A, og intensjonen då ein inngjekk avtalen var å ha eit tilbod til dei spelarane som har vore i klubben lenge. Det blei gjennomført eit evalueringsmøte tidleg i februar der sportsleg utval i N.I.L. og handballstyret i V.I.L. deltok. Før ein landar ein endeleg avtale for neste sesong skal handballstyret lage eit forventningsdokument som tydeleggjer kva samarbeidet skal innebere for klubben vår. Dette vil danne grunnlaget for forhandlingane om ei vidareføring av avtalen.

19/24: Diverse

- Det er ynskjeleg at styret skal vera synleg for medlemmane, og det vil bli kjøpt inn svarte Hummeljakkar med sponsorar på som ein skal bruke når ein representerer styret i ulike settingar.
- Trenarkurset vert flytta til 25.04.2024. Ingunn Helen avtaler med eit lag som stiller her.
- Bjarte Lende (trener for g10) har søkt om å få delta på eit seminar, det vert innvilga.
- Det vert arrangert sommarfest for trenergruppa og styret 15.06.2024
- Ingunn Helen booker salen
- Siri har hovudansvar for innhaldet – delegerer oppgåver ved behov
- Det er ynskjeleg at administrasjonen lagar eit årshjul som viser kva dugnadar handballen skal ha ansvar for. Det er dei som sitt på den totale oversikten. Ingunn Helen tek kontakt med dei ang. dette.



- Styret vil bruke facebook som kommunikasjonskanal. Ingunn Helen opprettar ei gruppe og inviterer alle inn i denne
- Styremøta vert lagt til torsdagar kl. 19.00-20.30
 - Reidunn sett opp forslag til ein møtekalender
 - Neste møte vert 25.04.2024

